

Årsmelding IMS 2024

Med eitt sinn samla dei seg kvar dag på tempelplassen, og i heimane braut dei brødet og åt i lag med ekte og inderleg glede. Dei song og lova Gud og var godt lika av alt folket. Og kvar dag la Herren til nye som lét seg frelsa.

Apg. 2, 46-47

Bibelverser fortel korleis dei første kristne heldt saman, eit idealbilete vil du gjerne seia.

Samtidig er dette spørsmål som me stadig stiller, og også stilte i 2024: Korleis kan fleire få koma inn i nære og livgivande fellesskap, der dei kan modnast i tru, og overgi seg til Jesus?

Små båter – nye former for fellesskap

I 2024 vart me introduserte for «Små båter» - av Rune og Marte Kvilhaugsvik. Dette er berekraftige små fellesskap, etter modell frå England, men som me ser kan passa veldig godt for våre norske bygdesamfunn. Me treng nye måtar å vera «kyrkje» på, som kan arbeida side ved side med tradisjonell verksemd, slik at flest mogleg kan bli kjend med Jesus. Me treng fellesskap som er forma av konteksten ein bur i, og fellesskap som veks fram gjennom relasjonar, ikkje aktivitetar.

Kva ynskjer me for menneske rundt oss, for bygda vår og nabobygda? Ynskjer me at alle skal ha høve for å tilhøyra eit kristent fellesskap, der dei kan trivast og veksa åndeleg? Sjølv om me har mange gode eksisterande forsamlingar og fellesskap, er det alltid behov for nye, fordi me ønsker å sjå menneske frelst. Me ynskjer å vera eit indremisjonsfolk som har nød og kall for menneske rundt oss, ja for *indremisjon*. Kva er ropet eller behovet på din heimsplass? Kva kan Gud leia inn i? Korleis kan me la Guds rike koma, og la Hans vilje skje (Matt. 6, 10)?

Fleire kjem til tru

I ei årsmelding er det nødvendig å måla arbeidet etter mål og visjon. Er fleire komen til tru, og blir dei gjort til hans disiplar?

I haust fekk me spørsmål frå ImF ved Runar Landro omkring kor mange som kjem til tru i arbeidet vårt. Ni forsamlingar, fem kretsar og tre skular svara på undersøkinga. Tilsaman har over 80 menneske tatt imot Jesus dei siste tre åra gjennom forsamlings- og kretsarbeid, også i IMS veit me om fleire det siste året. I tillegg har minst 70 elevar gått frå bevisst ikkje kristen tru til klar vedkjenning, og minst 130 unge ved skulane har gått frå uavklart tru til bevisst tru. Mange av desse går på Framnes kvgs.

Noko rører seg i ungdomsmiljøa våre. Unge er svoltne på Jesus. I haust hadde me full Tenhelg på Brandøy. Under Pit Stop var det lange køar inn til forbønsrommet. Folk sat også igjen i salen etter møta for å be saman, og dei fekk sterke bønesvar. I ConTeenNew-arbeidet vert dei unge utrusta til å følgja Jesus, og også lokalt vert unge bevisstgjorte, og tar gode steg i retning av tru.

Tru er prosess – sårarbeid er viktig

Andreas Bjørntvedt, pastor Fredheim, har forska på kva som formar folk si tru. Av 585 spurte, svarar 58 prosent at endring til tru skjer gradvis. Sårarbeidet har skjedd på bedehuset, i barne- og ungdomsarbeidet. Takk til deg som trufast er med i dette sårarbeidet. Bjørntvedt fann i same undersøkinga ut at leir for mange har hatt stor betydning for tru. Venner vart viktige, og mange deler at leir i ungdomstida fekk betydning for vegen dei gjekk vidare.

Tenlege lokale og verkekraftig forsamling

Me ynskjer å sjå livskraftig lokalt arbeid; at arbeidet alltid innbefattar neste generasjon, og slik sett kan leva vidare. Vågen bedehusforsamling har hatt fin vekst i fleire år, og det er gjerne 150 barn og vaksne på møta. Dei siste åra har dei leigd gymsalen på skulen. 18.-20. oktober var det opningshelg for Ølensvåg sitt nye bedehus, der bedehusforsamlinga no held til. Det er inspirerende at ein vel å satsa. Me ynskjer å heia fram lokale forsamlingar, der alle generasjonar kan trivast og veksa.

Framtida vår

«Summen av følelsen av krise, og muligheten for en bedre situasjon, må alltid være større enn omkostningen for at endring skal skje», sa Øystein Engås for mange år sidan.

Oppleving av krise kan mobilisera nødvendig endring for framtida. Viss me har det greit der me er, ser me ikkje behov for å endra. Men kva om nokon opplever krise, medan andre har det heilt greit? Her treng ein å lytta til kvarandre. Alle generasjonar er viktige, og det er gjerne lettast å nå sin eigen generasjon. Samtidig veit me at om ein ikkje har med nøkkelgenerasjonen – dei i alderen med små barn – er det eit spørsmål kor lenge forsamlinga er levedyktig. Me ynskjer å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid, står det i IMS sitt formål. Det vil me halda høgt oppe, og tema er jamleg oppe i ulike fora.

ImF-prosess

Me opplever at mange legg ulikt i kva prosessen går ut på, og formålet med den. Kanskje skulle me også vurdert namnebyte for prosessen? I mars 2023 fekk prosessen sin restart, der den no vert leia ut frå følgjande verdiperspektiv:

- Meir misjon
- blir me eit betre «vi»?

Viktigare enn all omorganisering, er det at me blir i stand til å nå lenger ut med evangeliet. Dette gjeld i IMS, men også lokalt og ved avdelingane våre. Eit viktig spørsmål er korleis kan me få mest mogleg misjon ut av pengane.

Så ynskjer me også ha ha fokus på «eit betre vi». Korleis kan me bygga ein kultur der me tenkjer utover oss sjølve, og samla sett søkjer å fremja Guds rikes sak? Me vil vera til velsigning for fleire enn oss sjølve, vårt lokale fellesskap, vår bygd og vår krets, ved å dela vår kompetanse og våre ressursar.

I mars 2024 hadde dei ulike kretsgruppene i ImF si siste samling, sidan den enkelte krets har ulike behov og er komen ulikt i prosessen.

Like etter vart også IMS si prosessgruppe avvikla.

Me har starta samtale med lokale forsamlingar og ressurspersonar, for korleis me kan ta arbeidet vidare i lokale ressurscenter. Andreas C. Våge, Eirik Stensland og Marit Hårklau Ådnanes drar litt i trådane her, og me samtalar også om saka i styret. Me har ikkje noko konkret på plass, men ser kor det først legg seg til rette å tenkja lokalt ressurscenter som tar ansvar for eit større område.

Satsingsområda

Fram til 2025 er dette satsingsområda våre:

- Fellesskapsvekst
- Leir
- Leiartrening

Me har sett opp mål/kjenneteikn for kvart satsingsområde innan 2025, samtidig som me kvart år har delmål me arbeider med.

No vert det eiga sak omkring satsingsområda 2025-2030 under årsmøtet, sjå eiga sak. Me ynskjer framleis å ha dei same satsingsområda, men endrar kjenneteikna og kva me ynskjer å ha oppnådd i 2030.

KRINSEN

IMS er ei samanslutning av lokale foreiningar, forsamlingar, lag og kontaktar. Ved utgangen av året var talet 125, fordelte slik:

- Indremisjonar 42
- Forsamlingar 6
- Kontaktar 24
- Kvinneforeiningar 12
- Andre lag 1
- Kor 2
- Barnelag 22
- Ungdomslag 12

Etter korona har talet vore relativt stabilt.

ARBEIDARANE 2024

Takk til engasjerte og trufaste medarbeidarar.

Medarbeidarstab IMS:

Marit Hårklau Ådnanes (80 %)

Guri Bjørnevik (80 %)

Lise Marie Thuestad Litlabø (50 %)

Kåre Johan Hamre (60 %)
Marit Andresen Røen, tar enkeltoppdrag
Eirik Stensland (80 %)
Linda Aase (50 %)
Kristine Særsten, (55 %) fram til 01.08.24.

Staben utfyller kvarandre godt i forhold til oppgåver, målgruppe ein likar å arbeida inn mot m.m. I starten på kvart haustsemester er det stabsdagar med viktig fellesskap og samtale om aktuelle tema. I 2022 og 2023 var me i leilegheit Helgatonlia, medan me i 2024 var i leilegheiten på Brandøy. Tema som var oppe 14.-16. august var mellom anna leir og arrangement, leiartrening, fellesskapsvekst, generasjon z og dei unge me i dag skal nå, kall, og kva me er taknemlege for hos kvarandre.

Tilsett lokalt:

Knut Kvamme, Voss (60 %)
Sigrid Hilleren, Voss (10 % og 15 % frå 01.08.)
Ingrid Kvamme Friborg (10 % til 31.03.)
Vidar Sangolt, Norheimsund og Øystese (46 % og 25 % frå 01.10.)
Julie Haaberg, Norheimsund og Øystese (50 % og 55 % frå 01.04.)
Solveig Hosøy, Øystese (30 % frå 01.08.)
Ingvild Løklingsholm, Stord (100 % til 30.09.)
Hilde Kristin Teigland, Stord (40 % og 50 % frå 01.05.)
Eirik Stensland, Bømlo (20 %)
Ane Michaelsen, Moster (20 % til 31.10.)
Serina Nøstbakken, Moster, prosjekt og 20 % og 10 % 01.02. til 30.04.
Odd Inge Austevoll, Helgatonlia (20 % frå 01.04.)

Sjå eigne meldingar for tilsette avdelingane våre.

Fritidsforkynnarar:

Tusen takk til alle frivillige som så velvillig stiller opp på talaroppdrag for IMS. Dette betyr mykje for IMS økonomisk, og er også til stor hjelp i travle periodar for å dekkja behov. Mange vert sendt ut frå IMS-kontoret, men fleire tar også på seg oppdrag etter direkte spørsmål lokalt. Desse har me ikkje oversikt over, og er ikkje med på lista her.

Desse har me hatt på lista i 2024:

Ola Malvin Lomheim, Ove-Kjell Sakseid, Ingvild Løklingsholm, Håkon C. Hartvedt, Ingebrigt S. Sørfonn, Klaus Muff, Aksel Ingvar Johannesssen, Solveig Norheim, Tor Espen Kristensen, Olav Eikemo, Jorunn Eikemo, Svein Bjarne Aase, Sara Brosvik, Arne Lindekleiv, Toralf Steinsland, Tore Skeie, Per Torgeir Nilsen, Kjerstin Stokken

Frå ImF-samanheng:

Håkon Garvo, Marit Stokken Berland, Jarle Berland, Kenneth Foss, Roald Evensen, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Ragnar Ringvoll, Runar Landro

Stor takk til alle som bidreg:

Me vil også retta stor takk til alle leiarar og talarar som har vore engasjert på leirar og ulike arrangement på Brandøy og Helgaton gjennom året.

I tillegg har mange deltatt med song og musikk under ulike arrangement, og på den måten vore med å gi inspirasjon og fornying.

ARRANGEMENT

KRAFTKONFERANSE 17. FEBRUAR, LEIRVIK

Sofie Braut delte i sitt fellestema omkring «Bibelglede – Korleis Bibelen kan gi retning og ryggrad til livet me står i». Utgangspunktet for bibelglede er alt Jesus har gjort for oss. Samstundes minna Braut oss på å vera obs åndskampen me står i. Marthe og Rune Kvilhaugsvik var hausten 2023 i Bardney, England, der dei fekk sjå «små båter» praktisert. I andre fellesøkt denne dagen delte ekteparet Kvilhaugsvik omkring «småbåtkonseptet», og korleis ein kan leva saman i små, levande fellesskap. Du kan lesa meir om «små båter» i Venen nr 02-2024.

Dagen var elles fylt med aktuelle seminar omkring livet som Jesu disippel, barne- og ungdomsarbeid og korleis me kan våga å «stå som Daniel». «Glimt til inspirasjon» er etter kvart blitt eit fast innslag, der me får høyra frå lokalt arbeid. Denne gongen fekk me høyra frå

Prosjekt Finnås, Myldredag Moster og om tru og disippelskap på Framnes.

Anders Sætre frå Fitjar med team leia oss igjennom lovsong. Om lag 45 personar var samla, deltakarar og bidragsytarar. Det var noko færre enn året før. Konferansen har undertittel teneste- og leiarkonferanse, og me prøver å påpeika at den ikkje berre er for leiarar, men for ALLE interesserte.

FORSAMLINGSKONFERANSE 16. MARS, NORHEIMSUND

Også under konferansen i Norheimsund fekk me høyra Rune og Marthe Kvilhaugsvik dela omkring «små båter». Eli Tveitane underviste om «Kven er eg i fellesskapet?», med utgangspunkt i boka om femfoldig teneste (Efesarane); «Fem toneangivende personer». Marit Hårklau Ådnanes hadde også eit fellestema omkring «Den du er – der du er!».

Også i Norheimsund var det glimt frå lokalt arbeid. Me fekk høyra frå bibelgruppe Granvin, Disippelskap Framnes, Bøn Voss og ungdomsarbeid i Norheimsund/Øystese.

Team frå Framnes v/Lars Hetlesæter i spissen, leia oss i lovsong gjennom dagen.

48 personar, inklusive bidragsytarar, hadde møtt fram til ein innhaldsrik dag, der fellesskapet mellom bygdene også er viktig.

IMS ÅRSMØTE

73 registrerte utsendingar møtte til årsmøte på Leirvik bedehus laurdag 20. april. Dette er ganske likt som tidlegare år, tre meir enn i 2023.

Før sjølve årsmøtedelen tok til, var det felles lovsong, leia av Ragnhild Nesse og Hanne Synnøve Tislavoll. I talen minna Runar Landro oss på å ikkje «stivna i gamle former», men retta fokus mot Han som har evne og makt til å gjera alle ting nye! Då kan det lukkast å nå IMS sitt mål om «meir misjon!».

Liv Ingunn Heie Medhaug og Tore Skeie leia oss stødig igjennom årsmøtet. I tillegg til ordinære årsmøtesaker og orienteringar frå

avdelingane var følgjande saker til handsaming:

ImF-prosess, der Ole Bernar Innvær orienterte omkring no-situasjonen og framlagd modell (tre sider i årsmeldinga). Gruppesamtale med utgangspunkt i følgjande spørsmål:

- Kva ser du og høyrer du i høve til no-situasjonen?

- Drøft kva du tenkjer om framlagd modell. Er dette ein veg å gå? Kva er bra med modellen? Kva bør sjå annleis ut?

Det vart levert inn svarark. Vedtaket vart som følgjer (pkt b):

Årsmøtet støttar å arbeida vidare fram ein modell der me i størst mogleg grad nyttar ressursane til utoverretta arbeid. Lag og forsamlingar er grunnstamma i misjonsarbeidet og hjelper kvarandre i nettverk, støtta av IMS. Me ynskjer å vera tettare på det lokale arbeidet. Me vil framleis ha ein IMS-administrasjon på Stord. Me ynskjer å ta eitt steg om gongen, og ta utgangspunkt i eitt ressurscenter for å sjå korleis det fungerer, før ein går vidare i prosessen.

Refinansiering av restgjeld i Helgatunlia inntil siste leiligheter er selde.

Her vart også Odd Inge Austevoll, prosjektleiar i Helgatunlia, takka av for vel gjennomført prosjekt, for alle utfordringar han har løyst undervegs, og for at han heile tida har hatt Helgatun sitt beste for auge.

Sal av IMS-huset

Eit einstemmig årsmøte gav IMS-styret fullmakt til å gjennomføra sal av IMS-huset.

IMS sine årsmøte frå 2025

Følgjande samrøystes vedtak vart gjort: Årsmøtet ynskjer å fortsetja ordninga som no, med at ein skil årsmøtet frå Storsamling/IMS Sommarfest. Det er ynskjeleg å ha IMS Sommarfest ein stad der alle kan bu, altså på Brandøy, Framnes eller Helgatun. Stad har ein dialog på år for år. Det handlar om kven som kan ta imot arrangementet til høveleg tid, og motivasjon for å ta imot storarrangementet.

Årsmøtet vert halde ein laurdag, fortrinnsvis i april. Ein prøver å rullera stad, alt etter kor IMS Sommarfest finn stad.

Under årsmøtet i 2025 set ein opp som sak at ein endrar IMS sine lovar slik at dei er i samsvar med dagens praksis.

Det var elles **samtale om arbeidet**, der mange tok ordet, og under GF for IMS Holding AS, vart det vedteke å foreta **kapitalforhøying i Helgatun Fjellpensjonat AS**. Ein har halde av to av leilegheitane i Helgatunlia til eige bruk. IMS står i dag som eigar av desse, men ein ser det som mest tenleg at Helgatun Fjellpensjonat AS står som eigar i framtida. Leilegheitene er i dag brukt til utleige og eigne tilstellingar på Helgatun.

IMS Sommarfest, Brandøy 14.-16. juni

For andre gong vart det gjennomført IMS Sommarfest, som ei erstatning for tidlegare Sommarens Storsamling. Mange frivillige var i sving i forkant og under gjennomføringa av arrangementet. Også i år var det sett opp stortelt på grusbanen, der fellesmøta føregjekk.

Viggo Klausen hadde samlingar for barn, og også fellessamling laurdag kveld. Han fokuserte mellom anna på «truspuls» og korleis me kan ta vare på trua. Klausen engasjerte alle generasjonar og forklarte på ein levande måte.

Vidar Mæland Bakke var med som talar på føremiddagsmøta i teltet, og deltok også med seminar laurdag. «Himmel over livet» var eit hovudtema for heile helga. «Når himmelen skjuler seg bak skyene» var undertema laurdag, og «når eg ser din himmel» søndagen.

Helga bar med seg mange flotte samlingar og ulike innslag. Nytt av året var Misjonsløp. Det var stort engasjement blant liten og stor, og gav gode kr 113 000 i inntekt til IMS. Laurdag kveld vart vinnarane av Brandøylotteriet trekt, eit flott resultat på over kr 170 000 til Brandøy.

Ein Sommarfest for alle generasjonar, der me spesielt også når småbarnsfamiliane er målet. I tillegg til gode samlingar med Viggo, kunne borna boltra seg i store mengder duplo og lego, bli med på Misjonstivoli med kjeke aktivitetar som hoppeslott, bungee run, fotballdart m.m. Så var det populært med slush, is og popcorn i kiosken. I år var det ei større ungdomsgruppe enn året før. Dei hadde eigne samlingar, drog på bowling til Haugesund, og hadde det godt og kjekt saman på alle vis.

Brandøy diska opp med mykje god mat, og det var god tid til drøs over ein kaffikopp, avslapping og ulike aktivitetar, nettopp slik me ynskte at Sommarfesten skulle bli; ein stad for fellesskap og påfyll for ALLE.

Pit stop, evangelisering under Tysnesfest

Også i juli dette året hadde me folk på plass i «teltet» under Tysnesfest. Her vert det servert kaffi, vaflar og Guds kjærleik. Her får dei høyra kva Jesus hadde gjort på korset, og det vart gode samtalar med menneske som ikkje kjenner Jesus.

Det er Tysnes Indremisjon som arrangerer Pit stop og stiller med lokalt mannskap. IMS dekker bidrag til OAC, som stiller med kreative formidlarar og samtalepartnerar desse dagane.

Haustmøtehelg 25.-27. oktober

Også dette året var Haustmøtehelga eit samarbeid mellom IMS, ImF Stord og Horneland bedehus. Jens-Petter Jørgensen var med som hovudtalar for helga.

Fredag kveld var det «Endeleg fredag» etter konsept frå Horneland. «Sterk nok til å vera svak» var temaet, og Kenneth Stenbråten og Jan Arild Rødder deltok med song og musikk. Det var rikhaldig salatbuffet, og over 120 menneske tilstades denne kvelden.

Laurdagen var det bibelundervisning i to økter med graut mellom måltida. «Når trua og livet set spor» var tema denne dagen. Lovsong – ved Svein Notland med team, fellesskap og

høve for forbøn var også viktige ingrediensar denne dagen.

Søndagen var det føremiddagsmøte med lovsong, undervisning, barnesamling, bønestasjonar og enkel servering. «Relasjonen med Jesus – korleis leva og veksa i den», var temaet. Jens-Petter tala m.a. utifrå Joh. 15, 1-5 om å vera i vintreet. Då ber me frukt. Utan Jesus kan me ingenting gjera. Difor må aldri aktivitetsnivået i våre forsamlingar gå på bekostning av vår personlege relasjon med Jesus. Det er den som er kjelda til all vekst, framgong, forning, vekking og helbreding.

Viktige arrangement elles:

På Brandøy:

Damehelg: 23.-25. februar

Brandøytreff: 2.-4. februar

Vårtreff: 22.-25. april

Påfyll – haustdagar for kvinner: 9.-11. september

På Helgatun er det gjennomført Familieleir Palmehelga, Sunnhordlandstreff, Damehelg, Friluftshelg (Pusterom og Jaktleir) og Helgatunhelg. Desse er Helgatun sine eigne arrangement.

Julemesse og basarar

Mange stader samlar julemesse og basarar fullt hus rundt i bygdene. Det er eit høve til å koma saman for bygdefolket, på tvers av generasjonane. Evangeliet blir delt, og for IMS gir det også gode inntekter.

Tusen takk til alle som arrangerer basarar til inntekt for IMS. Me veit det ligg mange timars arbeid i å laga gevinstar, selja lodd og gjennomføra basar.

Etter at Førjulsmissa på Tynes er blitt til Førjulsbasar, har me i grunnen berre ei Julemesse igjen, og det er på Bremnes. Dei siste åra har den blitt avholdt på på Laurhammer bedehus. Dette året var det også 50-års jubileum for messa. Det var jubileumshelsing v/Marit Hårklau Ådnes, familieandakt v/Kjerstin Stokken, song av Himmelpust og musikkinnslag ved gruppe frå Bømlo janitsjar. Det var sal av kjekke

heimelaga varer, og basar seinare på dagen. Tilsaman har det opp igjennom åra blitt sendt kr 4 746 689 til IMS etter messene. Omgjort i 2024-indeks vert det like over åtte millionar kroner. Igjen, tusen takk for all jobb, både med julemessa, og de som steller i stand basarar lokalt.

Ressursgrupper

Sidan 2015 har me hatt ressursgrupper for lokale leiarar. Det er tre slike grupper; ei i Hardanger og to i Sunnhordland. Ei gruppe består av seks – åtte medlemmer og vert leia av dagleg leiar i IMS. Erfaringsutveksling og refleksjon omkring arbeidet er fokus, samt bøn for og med kvarandre.

Styresamlingar

Frå hausten 2023 vart me, etter dialog i gruppene, einige om å ha kun eitt ressursgruppetreff per semester der hovudleiar møter. Og ein gong i semesteret møtest lokalt styre til samling der ein har fokus på aktuelle tema. Me har då treff i Tørvikbygd for Hardanger-regionen, og Leirvik for Sunnhordlands-regionen. I 2024 har me hatt tema omkring å kopla oss på Guds tankar og visjonar, åndeleg leiarskap, utrusta til teneste, glede i tenesta og oppfølging av frivillige, samt hensiktsmessige strukturar.

Kvart styre sit saman og samtalar om aktuelle spørsmål. Det er veksling mellom undervisning og spørsmål til samtale rundt borda. Alle tar utgangspunkt i sin situasjon. Det er dei lokale sjølv som best kjenner kultur, forsamling og bygda dei bur i, og som også har beste løysinga på korleis koma seg vidare.

Etter arbeidsøktene er det presentasjon frå kvar gruppe. Kva moglegheiter ser ein, og korleis kan dette sjå ut lokalt hos oss? Mot slutten av samlinga er det bøn for kvart styre. 5-6 styre har pleidd å møta i Hardanger, og 7-8 styre i Sunnhordland.

MEDIA

www.indremisjonen.no og Facebook.

I skrivande stund har IMS si Facebook-side 1342 likarar, og 1797 følgjarar. Me prøver å

nytt Facebook jamleg. Her er det lett å skapa engasjement og tilhøyr, både for arrangement og ting som skjer i samanhengen vår. Det er eit nyttig verktøy om me vil nå ut raskt med meldingar og promotera ulike arrangement. Så er det ein stad me kan nå langt ut, også med evangeliet, gjennom vitnesbyrd og bibelhelsingar.

Det krev ressursar å vera «på» i sosiale media. Det er eit stadig spørsmål kor mykje ressursar me skal nytta til dette. Nettsida vår er først og fremst tenkt som ein stad der me informerer om leir og ulike arrangement, og der ein finn påmeldingsskjema. Så skal det sjølvstundt vera lett å finna info om IMS her, om givarteneste, kontaktinfo m.m.

IndremisjonsVenen

Misjonsbladet vårt er eit viktig kontaktorgan ut til misjonsfolket, der me når ut til 2.855 abonnentar.

Dei siste åra har bladet kome ut med fire nummer i året. Det opplever me er passeleg i forhold til ressursbruk, samtidig som me held kontakten med misjonsfolket. Det er ein fin anledning til å visa breidda av arbeidet vårt, nå ut med viktige tema og arrangement. Bladet vert lagt ut på facebook og nettside. Her kan me nok også gjera meir for å nå ut til yngre lesarar. Så trur me at me enno i fleire år også treng eit fysisk blad.

Gjennom året får abonnentane tilsendt fire gåvegiroar, i tillegg til bladgåvegiro. I 2024 sendte me faktisk fem gåvegiroar, då det utpå hausten vart sendt ein ekstra gåvegiro inn mot Ung-arbeidet. Dette gjorde me også i 2023. I 2024 fekk me inn kr 152 275,- i frivillig bladgåve. Dette er om lag kr 8 000 meir enn året før. Denne vert sendt i eigen konvolutt. Me opplever då at me får inn mykje meir pengar enn at den vert lagt inni bladet.

Jan-Ove Fagerheim har ansvar for layout på bladet, og Marit Hårklau Ådnanes er redaktør.

FRAMNES, BRANDØY OG HELGATUN

Me er svært stolte og takknemlege for avdelingane våre Framnes, Brandøy og

Helgatun. Dei er viktig reiskap i arbeidet vårt for å fremja Guds rike. Mange me ikkje når gjennom lags- og forsamlingsarbeidet, kan nåast nettopp gjennom leir og arrangement på Brandøy og Helgatun, eller gjennom skuledrifta på Framnes. Tusen takk til dyktig personale på desse stadane som gjer ein enorm innsats, og som legg så godt til rette for alle som har opphald her. Takk også til velfungerande styre med deira leiarar.

Me viser elles stil eigne årsmeldingar.

SUNNBOK

Meir enn nokon gong treng me å byggast opp av kristen litteratur, i ei elles sekularisert verd. SunnBok er i så måte ein viktig reiskap. Gjennom SunnBok får du tak i alt du treng av kristen litteratur, musikkutstyr, rekvisita, pyntegjenstandar med meir. Fleire bedehus kjøper også forbruksartiklar gjennom butikken. Andre forsamlingar har «bokbord» frå butikken med sjølvbetening etter møteslutt. SunnBok har eigen nettbutikk. IMS og ImF Stord er hovudaksjonærar. Etter emisjon i 2022 er også Salem Moster, Laurhammer Indremisjon, Kristtyrkja Stord og Kristent Fellesskap nye aksjonærar.

Tusen takk til dagleg leiar Silje Fyllingen, tilsett, frivillige medarbeidarar og styre for kreativitet og engasjement for butikken.

HELGATUNLIA

Eit fantastisk Helgatunlia-eventyr er ferdigstilt og går mot slutten. Seks bygg med 72 leilegheiter er bygde. Fem av desse står enno uselde, under IMS sitt eige. To av dei er innreia av Helgatun for utleige, pluss dei to som under årsmøtet 2024 vart overført frå IMS til Helgatun.

Etter at det lenge hadde vore stilt omkring sal av leilegheiter, var det svært gledeleg då me i haust fekk seld to leilegheiter. Per Ivar Kjærgård har ansvar for kontakt opp mot eigedomsmeklar og sal.

Alt som skjer av sal framover gir pluss i «kassen». Prosjektet har i stor grad hjulpet til med finansiering av oppgradering Helgatun, og

framtidig sal skal gå til utvikling av Helgatun. Odd Inge Austevoll har hatt 20 % stilling frå 1. april med oppfølging av garantisaker, samt tidevis også Andreas C. Våge. Arild Sæle har overtatt denne stillinga i 10 % frå 01.01.25. Arild er også IMS sin representant inn i styret for burettslaget.

Tusen takk til involverte for viktig engasjement og innsats!

PLUSREISER

Hovudkontoret til Plusstreiser ligg i Ålesund, med avdelingskontor i Kristiansand og Stavanger.

Plusstreiser sender meir enn 200 grupper på tur kvart år, som inkluderer om lag 8000 gjester frå heile landet. Turane går over store deler av verda, alt frå eksotiske reiser til fjerne himmelstrok, hjartegripande ferie på misjonsfelt, turar til Israel og Midtausten, pilgrimsturar m.m. Plusstreiser kan også skreddersy aktuelle turar for deg og dine.

IMS er eigarar i Plusstreiser med nær 2 %, og eig m.a. saman med Sunnmøre Indremisjon, ImF, Normisjon og Det Norske Misjonselskap.

Krigen i midtøsten har hatt innverknad på Plusstreiser sine reisemål og økonomi, også i 2024. Frå hausten 2025 er det igjen sett opp fleire turar til «landet der Meistren vandra.»

Aud Kindervåg Halsne sa opp si stilling som dagleg leiar frå august 2024, men er enno tilsett. Selskapet jaktar framleis ny dagleg leiar.

Sjekk gjerne ut www.plusstreiser.no.

ØKONOMIEN

Sidan utbygginga i Helgatunlia er ferdig, vert det ikkje lenger ført eige rekneskap her, men det som er av inntekter og utgifter vert ført via IMS sitt rekneskap. Overskot frå Helgatunlia skal hovudsakleg gå til å rusta opp og fornya Helgatun. Fram til no er det meste som er kome inn via sal av leilegheiter gått til investeringar og opprusting av Helgatun.

Når vi ser på økonomien til IMS i 2024 finn vi det rettast å halda inntekter/utgifter som gjeld Helgatunlia utanom.

Årsrekneskapen viser eit underskot på kr 50 736 (før revisjon), medan driftsresultatet viser eit underskot på kr 808 790. Av ekstraordinære inntekter har vi i løpet av 2024 seld Sunde bedehus som gav ei inntekt på kr 515 535, i tillegg har vi mottatt ei testamentarisk gåve på kr 50 000. Året før var årsunderskotet på kr 458 282 (etter revisjon).

Gåver frå foreiningar og forsamlingar var i 2024 på kr 1 228 609,-. Dette er kr 132 211,- mindre enn i 2023. Som vi ser er trenden fortsatt nedadgåande, og det kjem stadig mindre inn frå lag, foreiningar og forsamlingar Grunnane til dette kan vera ulike. Fleire har slutta av arbeidet, ein del stader er det mindre møteverksemd, og for fleire er det gjerne også slik at ein samlar meir inn til eige lag/forsamling. Og kanskje kjem nye inn i styre rundt om, og har ikkje samanhengen ein står i «under huda» slik tidlegare generasjonar har hatt.

I gåveaksjonar (vår-, sommar-, haust- og julegåve) har det i sum kome inn slik dei siste fem åra:

2024	2023	2022	2021	2020
471 849	571 405	581 048	713 990	722 430


Her og ser vi at det går nedover med gåveinntektene, viss vi ser bort frå «koronaåra» der inntektene auka betrakteleg.

Fast givarteneste ser slik ut dei siste åra:

2024	2023	2022	2021	2020
1 628 647	1 190 438	1 246 495	1 262 074	1 269 190

I talet for 2024 ligg inne ei stor ekstra gåve, dette er ikkje noko som skjer kvart år, så utan den har vi ein auke på 28 000 frå året før. Eit viktig fokus framover er å få fleire faste

gjevarar. Me har tru for at dette er vegen å gå for å trygga økonomien til IMS. Samtidig opplever vi det sit langt inne å forplikta seg til fast gjevarteneste. Antal faste gjevarar har halde seg ganske stabilt dei siste åra. I dag har IMS 168 faste givarar, året før var det 170. Den største gruppa (53 personar) er mellom 70-79 år. Berre 18 av givarane er under 50 år, så her er ei stor gruppe vi kan jobba aktivt inn mot.



Lønsutgiftene var på kr 3 298 024, dette er kr 15 000 mindre enn budsjettert, og om lag kr 295 000 meir enn året før.

Andre driftskostnader er på kr 3 318 349, det er kr 188 000 meir enn året før.

Varm takk til deg som står med oss i arbeidet, også økonomisk. Det gjeld enkeltpersonar, lag og forsamlingar. Det er de som held arbeidet oppe, og som også er med og bestemmer breidden av engasjementet til IMS.

LÆRE- OG TILSYNSRÅD

Desse utgjer IMS sitt lære- og tilsynsråd: styreleiar i IMS; Bernt Arild Gjøvåg, Olav Eikemo og Ingebrigt S. Sørfonn. Dagleg leiar har møte- og talerett. Rådet har hatt tre møte i 2024. Målet er å ha minimum to møte per semester, der ein kan be for arbeidet, samtala uformelt om det ein står i, og ev. ta opp innkomne saker.

EIGEDOMSKOMITE

I 2020 vart det oppretta Eigedomskomite som tar seg av bedehussal og elles gir gode råd inn mot aktuelle område som omhandlar eigedom. Bernt Arild Gjøvåg, Ole Bernar Innvær og Oddvar Torget har vore i denne komiteen sidan starten, og me er svært

takknemlege for innsatsen dei legg ned i dette arbeidet.

I 2024 vart også Per Ivar Kjærgård påkopla komiteen, i samband med at han har ansvar for oppfølging inn mot eigedomsmeklar og sal av leilegheiter i Helgatuulia.

IMS-HUSET

Svein Bjarne Aase har hatt oppfølging av IMS-huset i veldig mange år. Til tider er det mykje jobb å forvalta og følgja opp huset. Tusen takk for velvilje og innsats i denne tenesta.

Etter vedtak frå årsmøtet, vart IMS-huset lagt ut for sal etter sommarferien 2024. Fleire har hatt synfaring i huset, og vist si interesse, utan at nokon hittil har bydd på huset.

IMS-STYRET

Fram til årsmøtet i 2024 var styret samansett slik:

Ole Bernar Innvær – leiar

Oddvar Martin Torget - nestleiar

Henriette S. Bjørnevik, Vidar S. Eik, Hilde Karin Vedøy Eiken, Petter Lid, Tordis Thuestad - styremedlemmer,

Sven Tore Kulleseid – 1. vara, Marianne H. Aarbø – 2. vara, Ragnhild Nesse – 3. vara.

Etter årsmøtet 2024 var samansetjinga slik:

Bernt Arild Gjøvåg – leiar

Oddvar Martin Torget – nestleiar

Henriette S. Bjørnevik, Hilde Karin Vedøy Eiken, Petter Lid, Eva Karin Schmidt, Tor Tveitane – styremedlemmer,

Sven Tore Kulleseid – 1. vara, Marianne H. Aarbø – 2. vara, Jan Ole Høiby Hansen – 3. vara.

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 72 saker. Saker på agendaen: økonomi- og budsjettarbeid, Helgatuulia og sal av leilegheiter, oppgradering Helgatuun, ulike arrangement som utsendingsmøte og IMS Sommarfest, tilsetjing dagleg leiar Helgatuun, styreverv avdelingane, ImF-prosessen, Lære- og tilsynsråd, IMS-huset og utleige, samtale om arbeidet. Styret har hatt

generalforsamlingar for avdelingane våre, og jamleg fått orientering om arbeidet på Brandøy, Helgatun, Helgatunlia, Framnes og SunnBok. Ein gong i året møter me styra for Brandøy, Helgatun, og Framnes.

TAKK!

Å stå saman i tenesta, med same visjon, for Guds rikes sak, opplevest rikt. Å få tena med si utrustning, inn i eit varmt fellesskap, opplevest godt og er med å gi meining til livet.

IMS hadde ikkje gått vidare utan det enorme engasjementet som blir vist på så mange vis. Tusen takk til deg som trufast står med i arbeidet, enten det er i styrer, råd og komitear, i leirarbeidet, økonomisk, som praktisk hjelpar, som forkynnar, i ConTeenNew-arbeidet og ikkje minst i bønearbeidet.

Takk til alle tilsette som òg i 2024 har utført tenesta med trufast iver. Det gjeld IMS-tilsette, lokalt tilsette og tilsette ved avdelingane våre; Framnes, Helgatun, Brandøy, SunnBok og Helgatunlia.

Takk til Gud! IMS er først og fremst Hans verk og arbeid. Hans makt og styrke er veldig, må me ikkje gløyma det. HAN KAN, der ting ser umogleg ut for oss. Han går med i gleder og utfordringar. All ære til Gud!

Bernt Arild Gjøvåg, leiar
Oddvar Martin Torget, nestleiar
Henriette S. Bjørnevik
Hilde Karin Vedøy Eiken
Petter Lid
Tor Tveitane
Eva Karin Schmidt
Sven Tore Kulleseid, 1. vara
Marit Hårklau Ådnanes, dagleg leiar